



*Referat frå
ekstraordinært årsmøte
i Finnås Kraftlag SA*

Måndag 13.november 2017

Bømlo Kulturhus, Bremnes

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønske medlemmer og presse velkommen til ekstraordinært årsmøte.

Etter § 7.6 i vedtektene, er det styret som skal peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes leia møtet.

Møtet har med lovleg frist vore kunngjort i Bømlo Nytt 04.11 og 11.11, på Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmene har motteke skriftleg innkalling. I tillegg er det sendt ut SMS-påminning til alle med registrert mobiltelefonnummer. Sakspapira har vore tilgjengelege på kraftlaget sitt kontor og på internettsidene frå 01.november 2017.

Det vart registrert 95 medlemmer med til saman 113 røyster.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende, og styreleiaren erklærte møtet for lovleg sett.

Sak 2 Godkjenning av møteboka frå årsmøte 10. mai 2017

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira, sidan 01. november.

Det var ingen merknader, og møteboka frå 10. mai 2017 vart godkjend.

Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to observatørar

Til å skriva under møteboka vart Knut Farestveit og Magne Raknes valde. Gunnar Polden og Oddgeir Alvsvåg vart valde til å vera valobservatørar.

Sak 4 Godkjenna investeringsavtale mellom Haugaland Kraft AS og Finnås Kraftlag SA

Finnås Kraftlag SA (FK) har 16.10.2017 inngått ein investeringsavtale med Haugaland Kraft (HK), der FK overdreg alle sine aksjar i Sunnhordland Kraftlag (SKL) til HK mot å få oppgjær i aksjar i HK. Ein av føresetnadane for avtalen er godkjenning av årsmøte i FK og generalforsamlinga i HK. Investeringsavtalen vert tatt med som vedlegg til dette referatet.

Finnås Kraftlag eig 10,139% av aksjane i SKL, totalt 379 946 aksjar. Verdien av SKL-aksjane er fastsett til 638 MNOK, og Finnås Kraftlag vil motta 49 235 926 aksjar i Haugaland Kraft, som tilsvarar ein eigardel på 10,502%.



Haugaland Kraft vil etter gjennomføringa av transaksjonen eiga 1 998 463 aksjar i SKL, som tilsvarar ein eigardel på 53,3%.



Torleiv Fylkesnes heldt ei grundig orientering om saka, prosessen, avtalen, verdsetting/bytteforhold og strategiske vurderingar for styret si tilråding.

Saka vart så teken opp til skriftleg avrøysting, og med 111 mot 2 stemmer gjekk årsmøtet inn for framlegg til vedtak:

Årsmøte godkjenner framlagt investeringsavtale mellom Haugaland Kraft AS og Finnås Kraftlag Sa, datert 16.oktober 2017.

Styreleiar Torleiv Fylkesnes avslutta årsmøtet med å takka for frammøte.

Bente Steinsland, referent


Torleiv Fylkesnes, møteleiar
Magne Raknes
Knut Farestveit